

KYRKJEBLAD

for

NORD-FRON


Nr. 3 • OKTOBER 2025 • Årgang 70



Kvam kyrkje



Kvikne kyrkje



Skåbu kyrkje



Sødorp kyrkje



Sæle dei som skaper fred,
dei skal kallast Guds born.
Sæle dei som blir forfølgde for rettferd skuld,
himmelriket er deira.

(Frå Bergpreika, Matteus 5: 9,10)

www.nord-fron.kirken.no

TIL TENESTE

Nord-Fron kyrjekontor

Gateadresse: Nedregata 54, 2640 Vinstra
Postadresse: Nord-Fron kyrkjelege felles-
råd. Nedregata 50, 2640 Nord-Fron

Kontortider:

Kl.: 09.00 - 13.00
Tlf.: 612 16 290

Sekretær:

Venke Helen Sletten Tlf: 612 16 290

Kyrkjeverje:

Morten Hagen Tlf: 612 16 292
Mob: 975 36 584

Sokneprest i Søndorp og Kvikne

Caroline Serck-Hanssen Tlf. 612 16 294

Sokneprest i Kvam og Skåbu

Benjamin Fjellheim Olsen
Mob.: 403 12 795. Tlf. 612 16 293

Diakon og kyrkjelydspedagog

Per Øyvind Fredin. Kontor: 612 26 272
Mob.: 401 65 789

Kyrkjemusikar:

Iren Falkenau
Mob.: 967 39 550

Organist:

40 % stilling ikkje besatt

SØDORP SOKN

Soknerådsleiar:

Kirsten Dina Leine. Mob.: 901 01 690

Kyrkjetenar/graver:

Frank Varpestuen. Mob. 456 06 026
Atle Kolloen. Mobil: 906 90 334

KVAM SOKN

Soknerådsleiar:

Torolf Hagen. Mob.: 976 85 912

Kyrkjetenar:

Svein Fredrik Kjærstad. Mob.: 908 45 584

KVIKNE SOKN

Soknerådsleiar:

Kristian Ekre. Mob.: 911 31 563

Kyrkjetenar:

Bernaldo Hartjes. Mob.: 452 36 474

SKÅBU SOKN

Soknerådsleiar:

Bente Varpestuen. Mob.: 906 27 850

Kyrkjetenar:

Bernaldo Hartjes. Mob.: 452 36 474

FAMILIERÅDGJEVING

Familievernkontoret, Otta
Storgt. 21, 2670 Otta
Tlf. 612 30 536

Redaktør, Kyrkjebladet

Kristin Hareide Vesteraas
Mobil: 991 53 857

Grafisk produksjon:

Dale-Gudbrands Trykkeri a.s.,
www.dg-trykk.no



HEIM OG KYRKJE



Døpte

KVAM:

Emil Høiberg Kamp
Johan Josten Milsteinhaugen

SØDORP:

Isak Sletten Englund
Sverre Halling Hermansen

SKÅBU:

Peder Steinsvoll



Vigde



Døde

KVAM:

Anne Grethe Tungen
Steinar Lihaug (Bisettelse)

SØDORP:

Kjell Ulekleiv
Hjørdis Nygård
Ella Klypen
Torbjørn Pedersen
Grethe Karin Sandvold Solli
Syver Skreden
Marianne Lønstad
Bjarne Brattbakken
Zaitunia Yakovna Kozatska

KVIKNE:

Amund Hagelien

SKÅBU:

Björg Heide

SØDORP:

Emilie Nærum og Ivar Spjotum
Anne Nystuen Veikleeng og Vegard Stangjordet
Hanne Lisbeth Øverli og Odd Gjermund Lien
Mari Nystuen Veikleeng og Espen Honganvik Holen
Mette Kvernstuen Wilhelmsen og David Alexander Avann Hagle

SKÅBU:

Silje Aulstad og Håkon Sæter

ANDRE:

Tove Monica Lillereiten og Sten Frode Berge (Årnes kirke)

v.p.p.s

VIPPS TIL KYRKJEBLADET: 598171

(«VEL KATEGORI «GÅVE/KONTINGENT
KYRKJEBLADET»), 250KR FOR 4 NUMMER.
KONTONUMMER: 2095 49 59768

Kyrjekontorets e-post-adresse: venke.helen.sletten@nord-fron.kommune.no

Heimeside: www.kirken.no/nord-fron

KYRKJEBLAD FOR NORD-FRON

Redaktør: Kristin Hareide Vesteraas

Redaksjonskomité: Per Øyvind Fredin, Tone Berit Øyen (Kvam), Berit Tangvik (Søndorp),
Liv-Elin Aasmundstad (Kvikne), Bjørn Marit Hoel (Skåbu)

NESTE NUMMER

av Kyrkjeblad for Nord-Fron kjem ut i desember 2025.
Frist for stoff: **23. november.**

Kyrkjeblad for Nord-Fron – Nedregata 50 – 2640 Vinstra
Kontonummer: 2095.49.59768

Kyrjeklokkene ringte for Gaza

Den 7. august klang kyrjeklokkene over heile landet – eit kall til fred, eit rop for folket i Gaza. I Nord-Fron svara kyrkjene med opne dører og stille rom.

I Kvam, Skåbu og Sødorp vart folk inviterte inn mellom klokka 15 og 16 – til bøn, ettertanke og lystenning.

Å tenne eit lys er ei stille handling, men sterk i si meining – eit håp som lyser opp mørket, eit teikn på at vi ikkje gjev opp trua på fred.





Velkomen til drop-in-bryllaup på Valentinsdagen 14. februar 2026 i Sødorp kyrkje!

Mange tenkjer på kyrkjebryllaup som noko som må vere stort, med mange gjester og eit større budsjett. Slik treng det ikkje vere. Bryllaup er ei stor feiring av kjærleiken – uansett. Seremonien er enkel, men han er like stor og heilag som eit tradisjonelt kyrkjebryllaup. Heilt enkelt, like stort!

På bryllaupsdagen vert ekteskapet sett inn i ein større samanheng. Ekteskapet og framtida dykkar vert bedne for – i eit vakkert kyrkjerom. Med tekstar som rører, gir de løftet om å elske og ære kvarandre.

Kom som du er

I eit drop-in-bryllaup kan de kome akkurat som de er, i kvardagsklede eller pynta om de ønskjer det. De må ha med prøvingsattest og ID. Det vert ei enkel vigsla i vakre Sødorp kyrkje. Kyrjekontoret ordnar ei enkel servering i kyrkjestova med kake og kaffi etter vigsla, dersom de ønskjer det.

Prøvingsattest

De vert møtt av ein prest i sakristiet. Presten har ein liten samtale med dykk før de får kome inn i kyrkja og gjennomføre sjølve vigsla.

Det einaste de må førebu, er å ha med utskriven prøvingsattest og forlovarar. Viss ikkje stiller vi som vitne. Prøvingsattesten blir bestilt hos Skatteetaten i god tid før den 14. februar, gjerne fire veker før for å vere sikre på å få han i tide. Kan gjerast digitalt. Utan prøvingsattest kan de ikkje bli gifte.

Ikkje nøl med å ta kontakt med kyrjekontoret på tlf. 61 21 62 90 om du lurar på noko.

- Prest: Benjamin Fjellheim Olsen
- Organist: Iren Falkenhaus



Innsetting av ny prest

Foto: Per Øyvind Fredin

Sørdorp sokn og Kvikne sokn sin nye prest, Caroline Serck-Hanssen, vart innsett søndag 24. august i Sørdorp kyrkje. Soknerådsleiar for Sørdorp, Kirsten Dina Leine og prost Birgitte Bentzrød ønska henne velkomen og velsigna prestenesta hennar med fylgjande ord:



Skjer det, så vil òg andre kunne kjenne igjen røysta frå den store, gode hyrdingen i røysta di. Du skal òg vere ein hyrding for andre. Ein som ser andre, ein som lyttar, med alle sansar, ein som gjer sitt beste for å forstå, ein som er villig til å gå med, vere ein medvandrar. Som prest og hyrding må du kunne gå bak, vere sistemann, som sørger for at alle kjem med som vil vere med. Men du må òg kunne gå framfor og vise vegen når det er det som skal til. Vi ønskjer deg ei velsigna vandring i Jesu følgje, og til velsigning for kvar og ein som du møter på vegen din.

Det er ei glede for Nord-Gudbrandsdal prosti at du har funne vegen hit. Du kjem hit med mykje erfaring og kompetanse. Og vi vil at du skal lukkast. Det ordet eg vil helse deg med no, står skrive i Salme 23: Herren er min hyrding, eg manglar ingen ting.

Tenk å kunne seie noko slikt: Det er Gud som passar på meg, så med meg er det aldri nokon fare. Han sørger for meg. Og så kjenner vi denne salmen godt, og veit korleis det held fram: Kor godt Gud tek vare på ein, både det indre og det ytre mennesket. Idyll ved friskt, rennande vatn og fredelege, grønne enger. Til forveksling likt naturen i Nord-Fron og Nord-Gudbrandsdal. Men også når det er slutt på idyllen, er han der, den gode hyrdingen. Naturen skifter. Det gjer ikkje den gode hyrdingen. Han er den same, og samværet med han har ingen ende.

Som prest er ein fyrst og fremst eit menneske som får vere i den store flokken til den gode hyrdingen. Som prest er ein fyrst og fremst eit menneske som Gud har skapt, og Gud ønskjer kvar dag å vinne skikkelse i deg ved Ordet sitt og ved dei handlingane han har gjort for deg og alle menneske.



Sommargudstenester i Nord-Fron – med fjell, fellesskap og irske tonar

Tekst og foto: Berit Elisabeth Tangvik, Ola Kampesæter, Kirsten Dina Leine og Per Øyvind Fredin

Søndag 13. juli fekk vi besøk av Gunnbjörg Oladottir, som heldt gudstenester i både Sødorp og Kvikne – i Nord-Fron, der ho starta si presteteneste i 2021. Gunnbjörg delte ei vakker og tankevekkande preike om det bortkomne lammet og den gode gjetaren som vernar om alle sine sauer. På setermessa på Fagerli – hytta til Reidar og Birgit Haugen – fekk Gunnbjörg musikalsk følge av Merethe Camilla By på fele og Per Øyvind Fredin, diakon i Kyrkja, på tangentar. Salmane og musikken bar preg av irske tonar, og skapte ei stemningsfull ramme rundt gudstenesta i fjellheimen.



På Breistulen var det Karin og Kristian Ekre som stod for vertskapet. Rundt 20 deltakarar, både lokale og tilreisande, fann vegen dit. Sokneprest Benjamin Fjellheim Olsen var liturg, og Iren Falkenhaus spelte til salmane. Veret var ustabil, så messa vart halden innandørs – men kyrkjeaffien kunne vi nyte ute, og det vart ei fin stund i storslagen natur.



Olsok vart feira med messer både i Kvam og på bygdatunet i Sødorp. På grunn av regnet samla den vesle kyrkjelyden seg, ni personar, inne i eitt av husa på tunet. Merethe Camilla By og Per Øyvind Fredin bidrog med musikk her og. Det var ei ei varm og intim atmosfære – trass i det grå veret.



Setermesse Kvam Sokneråd

Tekst og bilete: Torolf Hagen

Søndag 20. juli var det setermesse hos Hege og Stian Stø Dørum innpå Gravdalen. Det var kjempefint ver på fjellet denne søndagen og vi var så mange som 50 personar på messa.

Paul Skuland var prest og Per Øyvind Fredin spelte piano.

Etter messa var det kaffi, saft og kaker og folk kosa seg lenge etterpå i det fine været.

Må få takke Hege og Stian som ville stille opp som verter på setermessa.

Torolf Hagen

Leiar i Kvam Sokneråd



Intervju med Ben Hartjes, kyrkjetenar i Skåbu og Kvikne

Intervju og foto Bjørg Hoel



Eg møter Ben i kyrkjestova i Skåbu ein føremiddag og blir straks beden på ein kopp kaffi.

Ben er ein blid og likande kar som straks sa ja til å bli presentert for alle i Nord-Fron.

Ben kom med familien sin ,kona Ingeborg og sønene Lars og Thijs, frå Nederland til Skåbu i 2004. Det må også i denne samanhengen nemnast at Ingeborg har ei veldig fin songstemme, som mange har hatt gleda av høyre.

Kva gjorde at de valde å flytte til vesle fjellbygda Skåbu?

Ben byrjar med å fortelja at han har bakgrunn som kokk/kokkelærar.

Han byrja å ønskje seg til ein stillare plass, og fann ut at han skulle melde seg på norskkurs. Der møtte han ei dame som kunne fortelja at ho og mannen budde i Skåbu og at ho visste om eit hotell som trengte kokk. Han og kona Ingeborg reiste til Skåbu og møtte Grete Gillebo, eigaren til Dalseter høgfjells-hotell, og så vart det flytting til Skåbu. Ben arbeidde som kokk på hotellet frå 2004 til 2023.

Du valde til slutt eit heilt anna yrke, Ben. Kvifor?

Han kan fortelje at han tykte kokkeyrket vart for tungt da han vart eldre, og fekk lyst til å prøve noko anna, og Ben er glad og takknemleg for å ha fått jobben.

Har du tankar om kva for eigenskapar ein kyrkjetenar bør ha?

Han meiner det er viktig å ha tid for folk, vera open og ha sosial kunnskap.

Kva er ein vanleg arbeidsdag for deg Ben?

Det er å planleggja ut frå været slik som grasklipping, vask mm. Og også gjera kyrkja klar ved gravferder og gudstenester.

Kva meiner du er det trivelegaste ved jobben din?

Han tykkjer det er det sosiale og få delta i samværet med sambygdingar.

Til slutt vil eg spørja om du trivest i jobben din Ben?

Han smiler og seier han er veldig takknemleg og glad for jobben, og han gler seg til kvar arbeidsdag. Han er også takknemleg og glad for all hjelp frå førre kyrkjetenar Jan Smikop, som stiller villig opp som ekstra hjelp når det er nødvendig.

Eg takkar for kaffien og praten og ønsker Ben ein fin dag, og mange gode år som kyrkjetenar i Skåbu, Kvikne og Bakketuggu.





Sommarleir på Nordfjord folkehøgskule frå 2011 til 2025

Tekst: Per Øyvind Fredin.

Bilete: Per Arne Vesteraas, Per Øyvind Fredin, Jens Petter Ous, Grete Bakken og Roar Bredevei.

Første leir som vart arrangert på Nordfjord var i 2011. Den gongen var seks kommunar frå Nord-Gudbrandsdal prosti samla her. Deltakarar frå kyrkjene kom frå Nord-Fron, Lesja, Lom, Sel, Dovre og Skjåk. Då var det 202 konfirmantar, 30 ungdomsleiarar og 15 vaksne som drog vestover til Vereide i Sogn og Fjordane. I kyrkjebladet nr. 4/2011 skreiv Jens Petter Ous i artikkelen Første konfirmantleir for Nord-Gudbrandsdal at det store talet «sprengte nok kapasiteten» til skulen. Leiren var eit møtepunkt for konfirmantane i heile Nord-Gudbrandsdalen. Men etter koronapandemien vart talet kyrkjer og konfirmantar frå Norddalen stadig mindre.

I kyrkjeblad nr. 3/2013 for Nord-Fron skreiv dåverande prest, Marie Margrethe Lie Sperre at det var 230 frå Nord-Gudbrandsdal prosti som var med. Det var alt frå konfirmantar, vaksenleiarar, ungdomsleiarar frå Lesja, Skjåk, Lom, Dovre, Sel og Nord-Fron.

I 2014 vart det ei mindre kommune. Lom valte å finne andre konfirmantopplegg. Frå 2015 til 2019 var det fire kommunar. Konfirmantane kom no frå Nord-Fron, Dovre, Sel og Lesja.

I Korona-åra 2020 og 2021 vart det ikkje leir til Nordfjord. Og i 2022 og 2023 returnerte berre to kommunar att til Nordfjord; Nord-Fron og Dovre. Året 2023 var det siste året Dovre var med. Men kva kan grunna vera for at Nord-Fron vart ståande att?

23. juni 2025 drog kun 31 konfirmantar frå dei fire sokna i Nord-Fron til Nordfjord folkehøgskule i lag med 11 leiarar frå kyrkja.

Det har kvar gong vore mykje planlegging i forkant av sommarleiren. Ettersom leiren har vore innarbeida opp gjennom åra, har ei stor del av arbeidet vore ein repetisjon og bygd på tidlegare førebuing og informasjonsarbeid. Forma på leiren har berre vorte litt justert med åra, elles var innhaldet stort sett det same: For oss leiarar som kjenner programmet har det vore alt frå båttur på fjorden, samhandlingsløype, morgonbøn, kveldsbøn (completorium), filmkveld og festkveld. Og ymse ulike frie aktivitetar som buldring (i gymsalen), spel, fotball, sandvolleyball og bading. Dessverre var det ingen konfirmantar som bada i år. Veret i Sandane hadde ikkje vore optimalt før vi kom. Men det vart ikkje så verst når vi var der.

Leiren har frå byrjinga hatt namnet Spor. Kristendommens leiar, Jesus set spor i kulturen vår og i menneske. Kan tanken vere at konfirmantane går i Jesus sine fotspor i og med at dei lærer om korleis Jesus gjekk i lag med sine venner? Vi kan og tolke Spor som tida konfirmantane er i. Det er dei unge åra vi set spor – då får vi minner knytt til kjensler, opplevingar, kunnskap og lærdom som er mykje djupare enn dei vi dannar i vaksen alder.

Noko av hensikta med leir er at konfirmantar skal bli kjende med kyrkja. En stor del av kyrkja er bøkene vi brukar.

I 2022 vi starta oss opp to meir teoretiske undervisningsbolkar der konfirmantane fekk ei lita innføring i Bibel Og Salmeboka – dei skal bli kjend med korleis ein fin salmar i Salmeboka. Gud lær meg å se er ein av mange salmar konfirmantane vart kjent med. På leir presenterte vi og viktige sakrament; dåp,




nattverd og vigsel. I år ville to konfirmantar vigslast til leirvener, og dei vart kopla saman i kyrkja under ein seremoni tilnærma ein vigsel. Men dei vart vigsla til å vere leirvener under leiren og ikkje som eit brudepar i gode og vonde dagar inntil døden skiljer dei ad. Fleire Leir-venskap har vorte inngått sidan 2011. I kyrkjeblad frå 2017 kan vi lese konfirmantane Lise

Frithjofsen og Ronja Varpestuen sin takketale frå opphaldet på Nordfjord. Jens Petter har skrivi frå leiren under overskrifta Konfirmantleir 2017: Best ever».

Kva syns du leiren i sin heilheit? (0 point)

4.44
Average Rating



Vi gjennomførte evalueringar etter leirane. Den digitale målinga i 2024 syna at leiren i det store og heile hadde godt over god kvalitet, på en skala frå 1 til 6. Konfirmantar som har besøkt skulen på Vestlandet har fått gode opplevingar med leiren. Kanskje dei gode attendemeldingane kom fordi det ikkje var 230 konfirmantane frå heile dalen med. For i 2024 stod jo berre Nord-Fron att. Men tanken om at konfirmantar frå heile prostiet skulle verte kjende på tvers av kommunegrensene var no borte. Det er små kyrkjer i Gudbrandsdalen. Kanskje grunna for fråfallet var at kyrkjene ikkje hadde ressursane til å drive leiren. Å drive ein leir med tilstrekkeleg bemanning krev ressursar og nøkkelpersonar. Leiren krev frivillige som hadde tid og lyst til å vera mellom 4 og 5 dagar på

ein konfirmantleir i tillegg til personalet frå kyrkjene for å få leiren til å fungere.

Nord-Fron hadde med ein stamme av seks frivillige ungdomsleiarar.

To nøkkelpersonar som kanskje har hatt størst kontinuitet med Nordfjord-leiren er tidlegare kyrkjevevje i Nord-Fron, Grete Bakken og tidlegare prest i dalen,

Jens Petter Ous. Diakoniutvalet sin Per Arne Vesterås har og vist seg viktig og i leirsamanhang. Desse nøkkelpersonane har utvilsamt vore viktig for å holde liv og kontinuitet for opphalda på Nordfjord. Korleis vil Nord-Fron tenke konfirmantleir i framtida? Vi håpar og trur på ei framtid der konfirmantane kan fortsette å få gode minner og opplevingar.





Barnas

LABYRINT

Kan du hjelpe guten gjennom labyrinten slik at han kan gi fiskane og brøda sine til Jesus?



Vits

- Veit du kor mykje klokka er?
- Ho er i alle fall ikkje fire.
- Korleis veit du det?
- Jo, for eg skulle vere heime klokka fire, og det er eg jo ikkje.

Teikningar: CLAUDIA CHIARAVAILLOTTI

FARGELEGG

Her gir nokon barn to fiskar og fem brød til Jesus. Jesus brukte det til å gi mat til 5000!



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på **sondagsskolen.no** eller **22 08 71 00**



KRYSSORD

Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å komme fram til løysingsordet.

Du finn Bibelen på internett også! Sjø bibel.no

↓

Bygning i Lukas 2,46	1.								
Disippel i Johannes 20,26	2.								
Bær i Matteus 7,16	3.								
4.									
Landområde i Markus 16,7	5.								

Tal i Matteus 26,15

Vits

Mannen tok på seg reine sokkar kvar dag. Til slutt fekk han ikkje på seg skoa ...



Søndagsskolen – mer enn du tror


Info frå Normisjon

Det har vore ein lang tradisjon for å ha kvinnehelg på Kirketeigen, Kvam, i Gudbrandsdalen. Helga vert arrangert av Normisjon region Øst. Og det er ein lokal komite med Inger Gravem, Jorunn Heier, Hildegunn Maria Haanes Ruset og Hanne Mette Gullord Roås.

I år har vi tenkt å utvide spesielt laurdagens program med mange aktivitetar for kvinner i alle aldre i regionen. Vi får i år besøk av misjonær Kristin Bøhler som har arbeida mange år med helsearbeid i Buthan og Nepal



17. 18. 19.
Oktober



Kvinnehelg & Kvinnelørdag

UNDERVISNING
Kristin Bøhler

Mulighet for overnatting og fellesskap fra fredag til søndag med andakt og gudstjeneste.

Lørdagen vil være fylt av muligheter; Fjelltur, museumsbesøk, tid til håndarbeid/hobbyaktivitet, misjon, tur i nærområdet, festmiddag, Bibelvandring.

på Kirketeigen

Påmelding:
www.checkin.no
Pris: 550,-/1450,-

Spørsmål:
Hanne Mette Roås:
416 79 849



Kirke rottene

VELKOMMEN
TIL KYRKJETEATER!

Kirkerottene og Lea Mus

Søndag 19.oktober kl. 17.00
i Kvam kyrkje

- Eit profesjonelt og artig dokketeater for barn i alle aldre!
- Gratis inngang. Dørene opnar kl. 16.45.
- Etter førestillinga serverar vi rottebollar og saft!



Din lokalbank er tilgjengelig
når du trenger det!

SpareBank 1
GUDBRANDSDAL

Bank
Eiendom
Regnskap

Vi takker alle våre sponsorer.
Ønsker du som bedrift annonse
i kyrkjebladet, kan du ta kontakt
med kyrkjekontoret



JOBE
GRAVSTEINSERVICE AS

- Innskriftsjoner
- Oppussing
- Omsliping

Arbeidet utføres på kirkegården.
Raskt tilbake. Mobil: 412 56 304

Epost: post@jobegravsteinservice.no



DØLER I KRIG

Boka viser krigens grusomheter, fortalt gjennom mange av dem som opplevde andre verdenskrig i kampene langs Mjøsa og gjennom Gudbrandsdalen, med vekt på Nord- og Midt-Gudbrandsdalen.



Les om boka på
denne nettsiden.

Boka selges i disse butikkene:

• Norli Otta, Vinstra og Ringebu
• Anton & James bokhandel, Storgt. 40, Lillehammer
• Joker Sel • Sjoa Mat og Bensin • Hageland Bjørke
Kvam • Coop Prix Dovre • Extra Dombås • Høvringen
Landhandleri og Kafé • Rustugusetra • Mysusetter
Servicesenter

Boka selges også her:

bokbestilling@lokalhistorikeren.no
www.krigsopplevelser.no

Utgivere: Lokalhistorikerne Kjell Arne Bakke og Morten Tullut



BYGGER VARIGE VERDIER

OM Bakken Bygg AS

ENTREPRENØR – HUS OG HYTTER

LOMOVEGEN 9 – 2640 VINSTRA
TLF. 61 21 60 00 – POST@BAKKENBYGG.NO

Vekstra

Regnskap Gudbrandsdalen

Avd: Vinstra, Nedreg. 63, 2640 Vinstra
Avd: Fåvang, Stasjonsv. 1, 2634 Fåvang
Tlf 61 29 52 70

JOBE

GRAVSTEINSERVICE AS

- Innskriftsjoner
- Oppussing
- Omsliping

Arbeidet utføres på kirkegården.
Raskt tilbake. Mobil: 412 56 304
Epost: post@jobegravsteinservice.no



HÅREK
FRISØRSALONG
-KVAM-

Tlf.: 612 94 551 / Mob: 482 65 181



HUNDEPENSJONAT - VINSTRA

Tlf. 971 88 621



Vinstra Begravelsesbyrå AS
Lise Veikleenget, 99 58 29 43
Nina S. Veikleenget, 94 83 25 40
Døgnvakt!



db DOKKEN BIL AS

Tlf. 61 29 29 20 Lomoen, 2640 Vinstra
<http://vinstra.toyota.no> - E-mail: post.vinstra@toyota

SENTRUMS HJØRNET

Elvevegen 2 – Kvam. 906 39 181

REMA 1000

Lomoveien 1, 2640 Vinstra
Tlf. 61 29 50 00

Frontraktor Service

2640 VINSTRA Tlf. 61 29 24 60

Rustvegen 170, 2640 VINSTRA. Telefon: 612 92 460.



Alt innen vask og rengjøring
Nedregata 58, 2640 Vinstra
Mobil: 948 49 807

Sanitær • Vannbåren • Varme • Varmepumpe



**Hundorp
Rørleggerservice AS**

Nedregate 22, 2640 Vinstra - Tlf. 61 29 49 90
E-post: post@hundorpror.no

www.hundorpror.no

SpareBank
GUDBRANDSDAL

Tlf. 612 18 000 - Web adr: www.s1g.no



BRØDRENE KROK

Salg & Service
HIKOKI

Catering

til alle livets anledninger.

Vi leverer smakfulle retter til dåp, konfirmasjon, bryllup og minnestund.

Se meny og bestill direkte på:
engelcatering.no

Ta gjerne kontakt med egne ønsker:
mob: 9110 2530
engelbrev@gmail.com

ENGEL
Konditor & catering

coop marked

Coop Marked Skåbu

Skåbuvegen 2666, 2643 Skåbu

Tlf.: 61 29 55 19

E-post: skaabu.marked@coop.no

Åpningstider: Man-Torsdag: 9-18

Fredag: 9-20, Lørdag: 9-18. Søndag: 12-16



SLANGEN SETER



Anita Stebergløkken, tlf 90 95 88 38. Slangsliv. 290, 2634 Skåbu
E-post: post@slangen-seter.no - www.slangen-seter.no

Minnesamvær, barnedåp, konfirmasjon, bryllup, jubileum.
Spisesal med plass til 45 pers. - stemningsfull peisestue - overnattingsmuligheter
for totalt 60 pers. - gammel miljøskapende fjellstue i unike omgivelser - fjellgård.

SKÅBU REGNSKAP AS

post@skaaburegnskap.no

Tlf.: 413 83 898

RN MEDLEM
REGNSKAP
NORGE

Gulvlegging - Glassverksted - Blikkverksted - Utleie

WEIKLE

Tlf 9005 4040 - post@weikle.no
www.weikle.as

Hageland

Bjørke

Tlf 915 75 074

Vi hjelper deg med blomster til
begravelse og andre anledninger

ELEKTRIKERN AS

FRON

Nedregata 60, 2640 Vinstra
Tlf. 61 29 20 10

PEER GYNT

CATERING

Vi leverer selskapsmaten
til ditt arrangement
på hytta eller jobben

Peer Gynt Catering AS
Øvregate 23
2640 Vinstra

Mob: 971 96 733
Epost: kjetil@peergyntcatering.no
www.peergyntcatering.no

Bakken Begravelsesbyrå

Tlf. 47 68 22 27

FRON TAXI



48 90 95 00

Dale-Gudbrands Trykkeri a.s

www.dg-trykk.no

2635 Tretten

tlf. 61 27 73 50

GUDSTENESTER I NORD-FRON HAUST 2025

DAG/DATO/TXT	SØDORP	KVAM	KVIKNE	SKÅBU
18.s i treeiningstida 12.oktober Mark 1,40-45			11:00 Høgmesse m/nattverd Konfirmantpresentasjon	
19.s i treeiningstida 19.oktober Luk 9,57-62	11:00 Kapellet Høgmesse. Nattverd Benjamin Fjellheim Olsen	11:00 Høgmesse. Nattverd		
Bots-og bønndag 26.oktober Luk 15,11-32				11:00 Høgmesse med nattverd
Reformasjonsdagen Fredag 31.oktober Joh 1,16-17	19:00 Kyrkja Ungdomsgudsteneste Nattverd			
Helge/ Minnesønd. 2.november Joh 11,19-27	11:00 Kyrkja Helgemesse/ Minnedag	17:00 Helgemesse/ Minnedag Benjamin Fjellheim Olsen	11:00 Helgemesse/ Minnedag Benjamin Fjellheim Olsen	19:00 Helgemesse/ Minnedag
22.s i treeiningstida 9.november Luk 10,25-37	11:00 Kapellet Høgmesse med nattverd Benjamin Fjellheim Olsen			
23.s i treeiningstida 16.november Matt 24,35-44		11:00 Høgmesse med nattverd		
Domss/Kr.kongsdag 23.november Joh 9,39-41	11:30 Sundheim Høgmesse med nattverd Benjamin Fjellheim Olsen			
1.s i advent 30.november Matt 21,1-11	11:00 Kyrkja Fam. «Lys vaken-Messe» Nattverd.			19:00 Ljosmesse Benjamin Fjellheim Olsen
2.s i advent 7.desember Joh 14,1-4		19:00 Ljosmesse Benjamin Fjellheim Olsen	19:00 Ljosmesse	
3.s i advent 14.desember Matt 11,2-11	19:00 Kyrkja Ljosmesse			
4.s i advent 20.desember Luk 1,46-55			11:00 Familiegudsteneste «Vi pyntar juletreet»	
Julaftan 24.desember Luk 2,1-20	Alle gudstenester på Julaftan er familiegudstenester, tilpassa alle aldersgrupper. Nokre stader: Kulturelle innslag.			
	12:00 Sundheim 14:00 Kapellet 16:00 Kyrkja	14:00 Benjamin Fjellheim Olsen		12:00 16:00
Juledagen 25.desember Joh 1,1-14	11:00 Kyrkja Høgtidsgudsteneste Nattverd		11:00 Høgtidsgudsteneste Nattverd Benjamin Fjellheim Olsen	
2.juledag 26.desember (som juledag, i N-F)		11:00: Høgtidsgudsteneste Nattverd Benjamin F Olsen		
Nyårsaftan 31.desember Luk 13,6-9	18:00 Kyrkja Gudsteneste ved årsslutt			

Det kan koma endringar på gudstenester så fylg med på plakatar, annonser i GD, facebook kyrkja i Nord-Fron samt Heimesida til Nord-Fron kyrkjelege fellesråd.